

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>
<b>Møtestad:</b>	,Fjernmøte
<b>Dato:</b>	27.04.2021
<b>Tid:</b>	09:00-15:05

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A Gjekk kl. 14.30
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi B. Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Magnus Hammer	Linda Merkesdal	A Frå kl. 14.30

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg

**Saksliste**

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 7/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av protokoll frå møte 23. mars 2021	2019/149	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 42/21	Tildeling av tilskot til fylkesvegar for tømmertransport	2020/59884	
RS 43/21	Trafikksikringstiltak - Fv 5314 Blåklokka barnehage til Tveit vegkryss - Alver kommune	2021/7308	
RS 44/21	Nye berekningar av byutgreiing 2. Korleis oppnå nullvekstmålet innanfor byvekstavtalen sitt avtaleområde?	2021/16511	
RS 45/21	Praksisendring for skoleskyss til annan skole enn nærskolen	2021/16521	
RS 46/21	Skredsikring - prioritering - kunnskapsgrunnlag for RTP	2020/61520	
RS 47/21	Ny tunnelvedlikehaldskontrakt for Vestland fylke - orienteringssak	2020/79509	
RS 48/21	Nye driftskontraktar elektro for Vestland fylkeskommune	2021/16606	
RS 49/21	Vidareføring av Askøypakken - Vidare prosess	2020/71396	
RS 50/21	Status for bompengeproposisjon for Kvinnheradpakken	2020/49137	
RS 51/21	Oppgradering av fylkesvegtunnelar etter tunneltryggleiksforskrifta. Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022 - 2033	2020/61711	
RS 52/21	Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022-2033 - tema bru og kai	2020/72241	
RS 53/21	Rapportering fråvikssaker per mars 2021	2021/17005	
RS 54/21	Oppfølging av utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen	2021/804	
RS 55/21	Tildeling av tilskot til generelt vedlikehald av fylkesveg	2020/59884	
RS 56/21	Framdrift for alternativ innretting av revidert Bømløpakke etter vedtak i kommunestyret 22. mars 2021 - Referat frå møte 12. april 2021	2020/49137	
RS 57/21	Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021	2020/35317	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 20/21	Spørsmål frå Brosvik (KRF) - Bybaneutbygginga til Spelhaugen i Fyllingsdalen	2020/203	
SI 21/21	Spørsmål frå Framnes (FRP) - Tilrettelegging for nye busstopp i Skogsskifte, - Sund kommune, - samt rundkjøring,	2020/203	
SI 22/21	Spørsmål frå Merkesdal (AP) - Trafikksikkerhet for myke trafiikanter på fylkesvei 5182	2020/203	
SI 23/21	Spørsmål frå Valvatne (AP) - Busstilbodet på Nattlandsfjellet	2020/203	
SI 24/21	Spørsmål frå Vatvatne (AP) - Dialogforumet mellom Skyss og bussjåførane	2020/203	
SI 25/21	Spørsmål frå Helle (AP) - Trolleybuslinje tett på minnepark, nord for Laksevåg senter	2020/203	
SI 26/21	Spørsmål frå Hammer ( ) - Bruk av kantstein på ny høgkvalitetessykkelveg	2020/203	
SI 27/21	Spørsmål frå Helle (AP) - Status vegen Ålfoten - Davik - Rugsund, fylkesveg 616	2020/203	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 31/21	Årsrapport 2020, Kollektivstrategi for Vestland	2021/5510	
PS 32/21	Omklassifisering- Nedlegging av delar av fylkesveg 4992 - Bømlø kommune	2021/2633	
PS 33/21	Utlysing av driftskontrakt 4602 Hardanger	2021/9283	
PS 34/21	Omklassifisering av fylkesveg 5454 rundt gamle Knarvik Skysstasjon	2021/2828	
PS 35/21	Utlysing av driftskontrakt 4608 Sogn	2021/16409	

PS 36/21	Budsjett 2021 Mindre utbetringar - fordeling av løyving til samarbeidstiltak/spleiselag	2021/1600
PS 37/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding	2020/36671
PS 38/21	Skredsikring - prioritering - kunnskapsgrunnlag for RTP	

## Godkjenningssaker

### **GK 7/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 8/21 Godkjenning av protokoll frå møte 23. mars 2021**

Protokoll frå møte 23. mars 2021 vart godkjend utan merknader.

## Referatsaker

### **RS 42/21 Tildeling av tilskot til fylkesveggar for tømmertransport**

Vart referert.

### **RS 43/21 Trafikksikringstiltak - Fv 5314 Blåklokka barnehage til Tveit vegkryss - Alver kommune**

Vart referert.

### **RS 44/21 Nye berekningar av byutgreiing 2. Korleis oppnå nullvekstmålet innanfor byvekstavtalen sitt avtaleområde?**

Vart referert.

### **RS 45/21 Praksisendring for skoleskyss til annan skole enn nærskolen**

Vart referert.

### **RS 46/21 Skredsikring - prioritering - kunnskapsgrunnlag for RTP**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok samrøystes å setje saka på saklista som politisk sak, sjå PS 38/21.

### **RS 47/21 Ny tunnelvedlikehaldskontrakt for Vestland fylke - orienteringssak**

Vart referert.

### **RS 48/21 Nye driftskontraktar elektro for Vestland fylkeskommune**

Vart referert.

### **RS 49/21 Vidareføring av Askøypakken - Vidare prosess**

Vart referert.

### **RS 50/21 Status for bompengeproposisjon for Kvinnheradpakken**

Vart referert.

**RS 51/21 Oppgradering av fylkesveggtunnelar etter tunneltryggleiksforskrifta.  
Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022 - 2033**

Vart referert.

**RS 52/21 Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022-2033 - tema bru og kai**

Vart referert.

**RS 53/21 Rapportering fråvikssaker per mars 2021**

Vart referert.

**RS 54/21 Oppfølging av utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i  
Bergen**

Vart referert.

**RS 55/21 Tildeling av tilskot til generelt vedlikehald av fylkesveg**

Vart referert.

**RS 56/21 Framdrift for alternativ innretting av revidert Bømlopakke etter vedtak i  
kommunestyret 22. mars 2021 - Referat frå møte 12. april 2021**

Vart referert.

**RS 57/21 Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021**

Vart referert.

## Skriftlege spørsmål

### SI 20/21 Spørsmål frå Brosvik (KRF) - Bybaneutbygginga til Spelhaugen i Fyllingsdalen

Representanten Trude Brosvik har i epost den 07.04.2021 stilt fylgjande spørsmål til administrasjonen:

- Kva er noverande status for bybaneutbygginga til Spelhaugen i Fyllingsdalen?
- Kva politiske vedtak må gjerast og kva finansiering er det behov for dersom dette skal realiserast?

Svar frå administrasjonen:

Fylkesdirektør for samferdsle og mobilitet er i tett dialog med Bergen kommune om vidare arbeid i denne saka. Det vert lagt fram politisk sak i SAMO og Bystyret i mai.

### SI 21/21 Spørsmål frå Framnes (FRP) - Tilrettelegging for nye busstopp i Skogsskifte, - Sund kommune,- samt rundkjøring,

Representant Framnes (Frp) har stilt spørsmål om planarbeid og tilrettelegging for busstopp i Skogsskiftet, Øygarden kommune.

**Framnes skriv om bakgrunnen for spørsmåla:**

Ved kommunesammenslåingen av Sund, Fjell og Øygarden ble det bestemt at Rong, Ågotnes og Skogsskifte skulle være kommunedelsenter i den nye storkommunen.

I Sund var en i gang med en sentrumsplan for Skogsskifte som var ute på høring, men rakk ikke å ferdigstille den før sammenslåingen. Et av motsegnene som kom under høringen var krysset mellom FV 560 og Skogevegen. Det skal nevnes at det i 2019 ble vedtatt plan med Planidentifikasjon 124520150015.

Det har også vært møte med SF (*Statsforvaltaren, red. anm.*) der representanter fra SVV og VFK var til stede for å på best mulig måte kunne låse opp motsegn og rekkefølgekrav ved at en kunne finne en felles løsning på trafikkavviklingen i krysset.

Det er nå fra kommunens side utarbeidet en skisse til løsning av krysset der en legger opp til en nedskalert rundkjøring i traseen for vedtatt plan for FV 560. Denne planen kan det virke som SVV / VFK har bestemt seg for ikke at de vil akseptere.

Dette vil være et trafikkisikringstiltak som vil løse SVV og VFK sin innsigelse. Det er også en plan som tiltakshavere i området mener er en god plan og som de har gitt uttrykk for de ønsker å være med å finansiere.

Det må også tilføyes at en nå synes det er underlig at SVV/VFK går i gang med å tilrettelegg for nye busstopp på deler av strekningen det henvises til. Det kan virke som disse busstoppe blir liggende i traseen for vedtatt ny vei.

**Framnes stiller så tre spørsmål:**

Hvordan kan det ha seg at en igangsetter slike tiltak når en vet at det jobbes med en løsning for gjeldene kryss og veistrekning som er regulert. Det ligger ingen slike busstopp i vedtatt reguleringsplan for vei.

Det må også stilles spørsmål om hvordan representanter for SVV/VFK kan uttale seg i Vestnytt 20.04.21 om at dette ikke vil være i konflikt med vedtatt reguleringsplan eller kryss da det etter deres mening er langt fram til dette vil bli realisert.

Er det slik at SVV/VFK har tatt en avgjørelse i denne saken uten å ha informert Øygarden kommune om at en ikke vil komme til en løsning på krysset og tilhørende vei?

### Svar frå fylkesdirektøren

Tiltaket med justering av busshaldeplassane er planlagt for ein del år tilbake, som resultat av ei trafikksikkerheitsvurdering i området. Det er altså ikkje snakk om etablering av nye busshaldeplassar, men justering og oppgradering av dei som er der. Når ny fv. 560 kjem til utføring i framtida må også kollektivtrafikken tilpasse seg denne planen. I mellomtida ønskjer fylkesdirektøren å justere eksisterande kollektivtilbod slik at haldeplassane vert mest mogleg funksjonelle og brukarvenlege.

Det er nok mogleg at Vestnytt her misoppfattar/feilsiterer Statens vegvesen/Vestland fylkeskommune på dette punktet. Sentrumsplanen for Skogsskiftet er enno ikkje vedteken. Det vil vera mogleg å justere busshaldeplassane på det tidspunktet denne planen kjem til gjennomføring. Innanfor denne planen vil busshaldeplassane ha ein god funksjonalitet. Bygging av trafikale element i sentrumsplanen vil kunne tilpassast utbetringane av busslommene. Arbeidet med busshaldeplassane er ikkje bortkasta og kvalitetane i arbeidet kan verte vidareført i sentrumsplanen. Reguleringsplan for framtidig fv. 560 har ei anna løysing her.

Dersom det er krysset i Skogsskiftet siste spørsmål gjeld, så kan fylkesdirektøren stadfesta at fylkeskommunen og Statens vegvesen har ein open dialog med Øygarden kommune, og at vi er positivt innstilt til å finne ei løysing på kryssutfordringane i sentrum. Ved møte med kommunen i april har vi blitt førelagt forslag til mogleg løysing. Denne løysinga var det trong for å sjå noko nærare på. Saman med vegvesenet har fylkesdirektøren signalisert at vi vil kome med tilbakemelding på forslag til løysing i slutten av april.

### SI 22/21 Spørsmål frå Merkesdal (AP) - Trafikksikkerhet for myke trafikantar på fylkesvei 5182

Representanten Linda Merkesdal (AP) har 22. april 2021 stilt følgjande spørsmål i samband med møtet i hovudutvalet 27. april:

I området Birkeland, Liland og Blomsterdalen i Bergen er det mye tungtrafikk. Lønningsveien/Flyplassveien var opprinnelig tiltenkt som vei til industriområdene.

Fylkesvei 5182 er i tillegg til en overbelastet vei benyttes også fortau og overgangsfelt av 4 barnehager og 2 skoler i, og rundt rundkjøringen i Blomsterdalen. Så vidt vi forstår så velger næringstrafikken å kjøre igjennom Blomsterdalen fordi det er en del kø fra Kokstad krysset ned til Birkelandskrysset.

Hvordan vurderer fylkesrådmannen trafikksikkerheten på veien for myke trafikantar, og hvilke tiltak er det mulig å iverksette for å hindre uheldige trafikale hendelser i området?

### Svar frå fylkesdirektøren

#### Kort om fylkesvegen

På strekninga fv. 5182 Fleslandsvegen mellom krysset med Lilandsvegen og krysset (rundkjøringa) ved Lønningsvegen/Espehaugen er det i dag ei trafikkmengde på 6500 køyretøy per døger (kjt/d) med 8 % tungbil. Fartsgrensa er 50 km/t - det gjeld alle vegane i rundkjøringa i Blomsterdalen. Siste fartsmåling frå 2016 viser eit normalt fartsnivå for ein slik strekning. Det er busstilbod på strekninga som blir trafikkert av linje 57 (15 min. frekvens) og skulerute. Vedteken sykkelstrategi for Bergen 2022-2030 viser at strekket inngår i det øvrige definerte sykkelnettet. Etter 1. januar 2010 er det på strekninga registrert tre bilulykker med personskaade (ulykke ved forbikøyring 2011, påkøyring bakfrå 2012, kryssulykke 2012).

#### Tilrettelegging for mjuke trafikantar

I det aktuelle området er det tilrettelagt og blir tilrettelagt tilbod til mjuke trafikantar. Langs Fleslandsvegen er det ein-sidig tilbod med gang- og sykkelveg skilt med rabatt frå køyrevegen langs vestsida av Fleslandsvegen. Gjennom prosjektet med ny gang- og sykkelveg langs Hjellestadvegen vil områda langs austsida av Fleslandsvegen også kunne få eit styrka tilbod. I sjølve rundkjøringa i Blomsterdalen er det gangfelt i alle dei fire armene. I krysset mellom Fleslandsvegen og Lilandsvegen er det i seinare år etablert fysisk fartsdemping med heva gangfelt og forsterka veglys.



Det har vore fremja ønske om gangfelt ved busshaldeplassen nær avkøyrsla til nr. 8-40. Det er ved fleire høve gjennomført registreringar av m.a. kryssingsaktivitet her, men det har vore for få kryssande til å oppfylle kriteria i Statens vegvesen si handbok V127 om kryssingsstader for gåande. Ein ønskjer primært ikkje å etablere gangfelt når desse kriteria ikkje er oppfylt.

#### **Fylkesdirektøren si vurdering**

Fylkesdirektøren vurderer at omsynet til mjuke trafikantar er godt tatt i vare på den aktuelle strekninga, også sett i lys av eksisterande behov for trafikksikring og tilrettelegging langs fylkesveg andre stader i Bergen. Det er dermed i dagens situasjon ikkje planar om eller prioritert ytterlegare trafikksikringstiltak her. Det kan likevel vere aktuelt å gjere ei ny vurdering rundt kryssingspunktet ved nr. 8-40 etter at prosjektet på Hjeltestadvegen er opna for trafikk.

## **SI 23/21 Spørsmål frå Valvatne (AP) - Busstilbodet på Nattlandsfjellet**

Representanten **Per Jarle Kosior Valvatne (A)** har stilt slikt spørsmål:

Me har fått ei henvending frå velforeininga på Nattlandsfjellet om busstilbodet i deira område. Innspelet er også sendt til kundeservice hjå Skyss. Korleis vert slike innspel, frå organisasjonar og privatpersonar, til ruteendringar og forbetringar handtert?

Dei konkrete innspela frå velforeininga er at dei meiner der er grunnlag for ein auka frekvens på linja utanom rush-tidene. I tillegg meiner dei at det ville vere føremålstenleg med ein avgang på eit seinare tidspunkt enn kl 20.26 på kvardagar. Til sist peikar dei på at det er dårleg samband til bydelssenteret Sletten.

Korleis vurderer fylkesrådmannen busstilbodet på Nattlandsfjellet?

#### Fylkesdirektør MOK:

Skyss får mange henvendingar frå enkeltpersonar og ulike organisasjonar. Alle innspel til endringar i tilbodet blir vurderte, og er nyttige tilbakemeldingar til arbeid med vidare utvikling og forbetringar. Feil og manglar eller akutte problemstillingar blir handtert fortløpande. Innspel til vidare utvikling av tilbodet blir samla saman til dei etablerte endringstidspunkta, til haustrutene eller utarbeiding av større planar for eit område. Gjennomarbeidde og omfattande innspel frå organisasjonar/foreiningar blir sett ekstra på, som i dette tilfellet frå Nattlandsfjellet vel. For større endringar eller spørsmål om prioriteringar ønskjer vi tett dialog med kommunane, sidan det kan vere motstridande ønskje i eit område. Kundeservice er hovudkanalen mot enkeltkundar - men andre delar av organisasjonen står bak vurderingane av innspela.

Velforeininga har fått følgande svar frå Skyss 20.04.21:

*Viser til dykkar henvending til kundeservice. Takk for eit godt og konstruktivt innlegg! Skyss er glade for at folk er engasjerte i eit betre kollektivtilbod der dei bur. Det er også nyttig å høyre kva som er viktig for dykk med omsyn til reisemål og innretting av rutetilbodet.*

*Skyss skal gjennomføre den største omlegginga av kollektivtilbodet i Bergen på 10 år i 2021. I mai gjer vi store endringar i det noverande rutetilbodet. Noko av det som kjem til å påverke delar av Nattlandsfjellet og Sædalen vil vere etableringa av linje 16E, ei ekspresslinje frå Nesttun via Sædal til Haukeland, Sentrum og vidare til Øyjorden. På strekninga Birkelundstoppen-Stadsporten vil linja berre betjene utvalgte stopp ved Wiers Jensens vei, Hagerups vei og i Haukelandsområdet. Dette vil gi ei raskare framføring enn dagens linje 80. Samstundes vert frekvensen auka til avgangar kvart 10. minutt i rush og kvart 20. minutt på dagtid og kveldstid. Vi trur dette vil bidra til ei tilbodsheving for Sædalen spesielt, eit område med mange nye bustader dei seinare åra. Som de påpeiker vil mange på Nattlandsfjellet også kunne nytte denne linja.*

*Vi er klare over at 16E ikkje vil dekke alle på Nattlandsfjellet, så det er framleis behov for eit lokalt kollektivtilbod her. Frå Bergen kommune planleggast ei turløype i området og dei etterlyser eit betre tilbod, særleg ettersom det er få parkeringsplassar i området. På bakgrunn av dette kjem Skyss til å jobbe for å møte dette behovet. Samstundes skal bybanen etablerast til Fyllingsdalen i 2022/23 og i den samanheng vert det også gjort endringar i busstilbodet i og rundt denne traseen. I samband med dette vil Skyss også vurdere korleis ein kan legge til rette for meir tverrgående reisemoglegheiter i Bergensdalen, særleg knytt opp mot dei to bybanelinjene. Om dette inneber ei løysing som koplar saman linje 81 og 82, eller om det vert ei anna samankopling, vil vi vurdere nærare.*

*Det er for tidleg å seie om dette vil kunne realiserast på kort sikt eller er noko som vil måtte vente til omlegginga rundt bybanen. Dette må vi vurdere med omsyn til økonomiske rammer og kostnaden ved tiltaket og korleis dette skal virke saman med det øvrige kollektivtilbodet.*

## **SI 24/21 Spørsmål frå Vatvatne ( AP) - Dialogforumet mellom Skyss og bussjåførane**

Representanten **Per Jarle Kosior Valvatne** (A) har stilt slikt spørsmål:

Utvalet har tidlegare sett søkelys på kor viktig det er at dialogforumet mellom Skyss og bussjåførane sine tillitsvalde fungerer godt. Korleis har aktiviteten vore i dette forumet den siste tida og kva saker har vore oppe til diskusjon? Korleis vurderer Skyss at dette forumet fungerer og korleis er dialogen med fagforeiningane?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Dialogforum buss Vestland skal vere ein arena for dialog mellom tillitsvalde, verneombod og leiinga i operatørselskapa representert gjennom NHO Transport og representantar frå leiinga i Skyss. Målet med dialogforum er å utveksle informasjon, diskutere konkrete forhold og gjere avklaringar omkring vidare oppfølging av saker. Forumet har ikkje vedtaksmynde.

Forumet held fire årlege møter, to i kvart halvår. Forutan fyrste møte etter byrjinga av koronaepidemien, har møta vorte avhaldne digitalt kvart kvartal i heile pandemiperioden. Både tillitsvalde, verneombod og NHO Transport kan også kvar for seg ta kontakt med Skyss og be om at det vert halde eit ekstraordinært forum. Denne moglegheita har aldri vorte utøvd.

Skyss informerer om nyheiter frå Skyss, som t.d. koronasituasjonen og aktuelle politiske saker som det er naturleg å informere deltakarane om. Hovuddelen av møtet er saker meldt inn av deltakarane. Dette er saker til informasjon eller diskusjon. Saker som har vore oppe til diskusjon er ofte saker som kan ha innverknad på arbeidskvardagen til sjåførane.

Døme på saker som har vore oppe siste året:

- Skyss har informert om store trafikale omleggingar, blant anna nytt rutemønster i Bergen som startar opp 25. mai 2021
- Endringar i sals- og billetteringsløyser i Hordaland
- Orientering om arbeidet med Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden
- Sikkerheitssaker som t.d. snø på busstak og kollisjonssikkerheit for bussar
- Fristar og regelverk knytt til fristar for ruteendringar og involvering av tillitsvalde i prosessen

Skyss opplever at dialogen i forumet er god. Dei andre partane utarbeider i liten grad saksgrunnlag og presentasjonar for eigne innmeldte saker slik mandatet beskriv. Det blir mykje opp til Skyss å driva fram saksgrunnlaget. Det er også slik at forumet ikkje har vedtaksmynde, og av den grunn er eit forum for gjensidig informasjon og dialog. Fleire av sakene kan fort bli politiserte og i grunn handle om at nokre av aktørane ikkje ønskjer dagens anbodssystem.

## **SI 25/21 Spørsmål frå Helle (AP) - Trolleybusslinje tett på minnepark, nord for Laksevåg senter**

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Eg har fått henvendelse om Trolleybuss-utbygginga i Laksevåg. Det har særleg vore spørsmål knytta til korleis denne utbygginga berører Minneparken nord for Laksevåg Senter. Minneparken er ein park som er etablert for å heidre og minnast omkomne etter krigshandlingar i Laksevåg under 2. verdskrig.

Kan fylkesrådmannen gjere greie for prosessen med å etablere Trolleybusslinjen og kvifor ein har valt å etablere Trolleybusslinjen tett på Minneparken, samt kva avbøtande tiltak ein har planlagt/har utført for å minimere inngrep i Minneparken?

### Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Bakgrunnen for plassering av mastene er gjort i samråd med VLFK/INV vei og prosjekterende konsulent. Det er eit område med mange tvangspunkt, fotgjengerovergang, trange fortau, ny utkjørsel fra Holen skole, kurve på vegen som krev kortare masteavstand og fornying av leidningsnettet.

Masteplassering er sendt inn til Bergen kommune som byggesak og igangsettingstillatelse vart gjeve hausten 2020. I tillegg hadde vi eit møte med VLFK/kulturminne den 21.04.2020, dei hadde ingen merknad til plasseringen

I forhold til avbøtande tiltak har vi avtale med Bymiljøetaten i Bergen kommune om beplanting og fjerning av to stk lysmaster slik at antall master vert likt som før.

## **SI 26/21 Spørsmål frå Hammer( ) - Bruk av kantstein på ny høgkvalitetssykkelveg**

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Bruk av kantstein på ny høgkvalitetssykkelveg.

Bildet viser den nye sykkelveien som er under bygging i regi av Bybanen utbygging i krysset ved Bystasjonen. Her er det en avkjørsel inn til terminalområdet? Avkjørselen krysser hovedsykkelveien. Da skal det være kantstein eller veimerking for avkjørsel. Det har blitt lagt kantstein på tvers av sykkelveien, altså der de gule kryssene vises, og ikke for bilene.

- Hvorfor er det kantstein i høgkvalitetssykkelveien?
- Hvor i Statens vegvesen sine håndbøker står det at kryss med sykkelvei skal utformes på denne måten?
- Hvorfor er det ikke nedsenket kantstein der de røde strekene er, da dette er en avkjørsel? Se eksempel fra Møllendalsveien lengre ned.
- Er dette en gjengangerfeil, da dette også er sett gjort andre plasser?

### Fylkesdirektør MOK:

Bygging av sykkelstamvegen (som antas å referere til «høgkvalitetssykkelveg») er et prosjekt som utføres av Bybanen Utbygging på oppdrag fra Statens vegvesen. Dette fordi stamsykkelvegen er plassert så tett ved/integrert i byggingen av bybanens byggetrinn 4 at det er formålstjenlig at det utføres av én stedlig aktør.

Sykelstamvegen er regulert av Bergen kommune, og innenfor samme reguleringsplan- og område som Bybaneprojektet. Trasévalg er dermed bestemt gjennom vedtatt plan.

Bybanen Utbygging bygger bybanens byggetrinn 4 til Fyllingsdalen og i tillegg nevnte sykkelstamveg, samt gang- og sykkelveger for VLFK og Bergen Kommune, fundament for Bystranden for Bergen kommune og sykkel tunnelen gjennom Løvstakken som en kombinert gang-/sykkeltunnel og evakueringstunnel for bybanen.

I dette samlede prosjektet er vedtatt reguleringsplan bestemmende for detaljbeskrivelsene av det som skal bygges («prosjekteringen»). Prosjekteringsoppdraget blir utført av rådgivningsfirmaet Sweco, som er et av Norges største og fremste rådgivningsfirma. Disse har rollen som «ansvarlig prosjekterende», dvs. at har ansvaret for at lovkrav, regler, standarder, beregninger etc. er korrekte.

Når detaljprosjektering er klar, forestår Sweco søknader om byggetillatelse til Bergen kommune sin byggesaksavdeling. Dette innebærer bl.a. at byggeriet skal være iht. vedtatt plan og at prosjekteringen er utført iht. aktuelle standarder og veiledninger. I dette tilfelle er Statens vegvesen sin veiledning V122 Sykkelhåndboken utgitt 2014 den aktuelle. Merk at dette er en veiledning, og ikke en håndbok - og dermed ikke er absolutt.

Videre følger eksempler på hvordan sykkelveger er prosjektert og bygd i regi av Bybanen Utbygging.

Sykelveien i Møllendalsveien, som innsender viser som et vellykket sykkelanlegg:



Bilde nr. 1- viser avkjøring - der gjennomgående kantstein (satt i flush) er brukt, på samme måte som BU når gjøre ved BaneNor utkjørsel i Lungegårdskaien.

For øvrig: Inn- og utkjørslene til BaneNor i Lungegårdskaien er lysregulert over Bybanen- og derved over gang/sykkelveien. I praksis vil derfor ikke fjerning av de hvite linjene gi de syklende noen forkjørsrett.

## SI 27/21 Spørsmål frå Helle (AP) - Status vegen Ålfoten - Davik - Rugsund, fylkesveg 616

Arve Helle har i e-post av 22.04.2021 stilt følgjande spørsmål:

«Bremanger kommune har ved fleire høve spelt inn ønske om tiltak på strekninga Ålfoten-Davik - Rugsund på fylkesveg 616. Strekninga har vore rasutsett over mange år og i periodar har vegen vore stengd pga av rasfare. Mellom 1996 og 2012 gjekk det om lag 50 skred på strekninga frå Dombestein til Davik, tilsvarande i underkant av 3 i året. Det har ikkje blitt færre ras med åra. I februar-mars dette året har vegen vore stengd på dagtid i korte perioder og på natt over ei lengre periode pga steinras mellom Dombestein og Isane. Frå kommunen si side har det vore ønske om både rassikring og sikring med rekkverk. Kva er status for denne vegen pr no?»

Svar:

Det er registrert to skredpunkt på strekninga fv. 616, eit på Lågeide og eit på Davik-Dombestein i [Skredsikringsbehov for riks- og fylkevegar \(3.12.2019\)](#). Begge har middels skredfaktor, på høvesvis 3,4 og 3,2. Strekninga er difor lågt prioritert for større tiltak samanlikna med andre strekningar.

Det gjekk eit steinsprang ved Isane 22. februar 2021. Dette vart rydda utan lang stenging.

26. februar 2021 gjekk det eit nytt steinsprang på same staden og vegen var heilt stengt til to geologar var på plassen søndag 28.februar. Vegen vart då opna på dagtid og stengt på natt. Det vart funne ustabile parti som måtte sikrast så snart som mogeleg. 4. mars 2021 var entreprenør på plass for reinsk av lausmassar. Dei fekk ned det mest kritiske slik at vegen kunne opnast også om natta. Det skal utførast sikring med nett, og nokre blokker vil bli sikra med bolting. Dette arbeidet vert starta i mai. Vi reknar då med styrt trafikkavvikling i ca. ei veke.

Vi er kjent med at rekkverket på strekninga er lågt og dårleg. Denne strekninga vert vurdert opp mot andre strekningar. Det er ikkje planlagt å setje opp nytt rekkverk her i år.



## Politiske saker

### PS 31/21 Årsrapport 2020, Kollektivstrategi for Vestland

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland til orientering.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland til orientering.

### PS 32/21 Omklassifisering- Nedlegging av delar av fylkesveg 4992 - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

### PS 33/21 Utlysing av driftskontrakt 4602 Hardanger

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt 4602 Hardanger vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Driftskontrakt 4602 Hardanger vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.

## **PS 34/21 Omklassifisering av fylkesveg 5454 rundt gamle Knarvik Skysstasjon**

Forslag til vedtak:

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

## **PS 35/21 Utlysing av driftskontrakt 4608 Sogn**

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt 4608 Sogn vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.
3. Fylkesdirektøren må koma attende med eiga sak dersom det blir aktuelt å ikkje lenger ha kolonnekøyning på fv. 50 Aurland - Hol.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Driftskontrakt 4608 Sogn vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.
3. Fylkesdirektøren må koma attende med eiga sak dersom det blir aktuelt å ikkje lenger ha kolonnekøyning på fv. 50 Aurland - Hol.

## **PS 36/21 Budsjett 2021 Mindre utbetringar - fordeling av løyving til samarbeidstiltak/spleiselag**

Forslag til vedtak

Ufordelt løyving på 7 mill. kr vert fordelt slik:

Område/veg	Beløp i 1 000 kr
Fv. 560 Strekninga Eidespollen-Kørelen, Øygarden kommune	3 500
Fv. 5120 Norheimsund (m4504-4933), Kvam kommune	3 000
Fv. 5715 Holvika, Kinn kommune	500
<b>SUM</b>	<b>7 000</b>

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021

##### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak

Ufordelt løyving på 7 mill. kr vert fordelt slik:

Område/veg	Beløp i 1 000 kr
Fv. 560 Strekninga Eidespollen-Kørelen, Øygarden kommune	3 500
Fv. 5120 Norheimsund (m4504-4933), Kvam kommune	3 000
Fv. 5715 Holvika, Kinn kommune	500
<b>SUM</b>	<b>7 000</b>

#### PS 37/21 Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet stør opp under det vidare arbeidet med Regional transportplan slik det er skissert i saksframlegget.

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka til orientering.»

##### Avrøysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.  
Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka til orientering.

#### PS 38/21 Skredsikring - prioritering - kunnskapsgrunnlag for RTP

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021



**Jenny Følling (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er representant i Nasjonal rassikringsgruppe. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok samrøystes at Følling var habil til å ta del i saksbehandlinga.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av alle partia (Krf, A, MDG, Sp, SV, H, Frp og UA) fram slikt forslag:

«I kunnskapsgrunnlaget skal det også leggst fram tabell for strekningar med høg/middels ras etter nasjonal skredsikringsfaktor, og med ei tilleggskolonne som viser ÅDT på kvar strekning.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I kunnskapsgrunnlaget skal det også leggst fram tabell for strekningar med høg/middels ras etter nasjonal skredsikringsfaktor, og med ei tilleggskolonne som viser ÅDT på kvar strekning